

Markørar i forteljande tekstar

MAGNAR KARTVEIT

Bibeldomsetjing stiller oss framfor mange utfordringar. Ei av dei er korleis ein skal gjengi forteljande tekstar. Forskjellige språk har forskjellige verkemiddel for å få ein god stil i ei forteljing, og hebraisk og gresk har sine. Ikkje alltid er det råd å gjenskepe nøyaktig same stil eller funksjon i mottakarspråket, men ein omsetjar må i alle høve kjenne til korleis grunnspråket fungerer før ein kan gjere seg opp ei meining om korleis ein skal gripe omsetjinga an. Ein må ha ein ide om sjanger og stil i Bibelen før ein prøver å gjenskepe teksten i eit nytt språk.

Det gamle testamentet (GT) er kjent for framifrå forteljekunst. I ei samling av noveller frå heile verda kom Ruts bok med som ei fin novelle frå GT.¹ Forfattarar har gjennom tidene brukt og vidareutvikla framstillingane av Kain og Abel, av Josef, Moses, David, Job og mange andre figurar.

Med den såkalla litterære vendinga dei siste tiåra har GT-forskarar i større grad enn før vigd seg studiet av forteljande tekstar i GT, og dette er blitt eit stort område innanfor det vitskapelege arbeidet med GT.² Forfattaren Paal-Helge Haugen tala om denne på seminar for bibeldomsetjarar i Det Norske Bibelselskap for ei tid tilbake. Narrative analyser av Det gamle testamentet, og tekstlingvistikken (discourse linguistics) har vore opptekne av det same. Her er ikkje plassen for å gå nærare inn på dette arbeidet, men eg skal i staden ta fram eit par døme på korleis GT brukar småord for å strukturere forteljingane. Dette kan gjerast med utgangspunkt i ei kjend forteljing i GT: Abrahams nesten-offer av Isak i 1 Mos 22,1-14.

La oss først kaste eit blikk på korleis den gammaltestamentlege forteljaren arbeidde med strukturen. Innleiinga angir temaet: Gud vil prøve Abraham. Deretter følgjer problemet: Gud ber om at han ofrar sonen Isak, som er fødd etter ein lovnad, og som er fødd i ekteskapet mellom Abraham og Sara. Isak var eit svar på Abrahams klage over at han må døy barnlaus. Rett nok får Abraham Isjmael med Hagar, men Isjmael er ikkje eit fullgodt svar på denne klaga. Det er Isak som er fødd etter lovnaden, men no skal lovnadssonen døy, og Abraham skal difor i grunnen bli barnlaus igjen.

Når problemet er gitt, bevegar forteljinga seg framover med ein indre logikk. Abraham gjer som Gud krev; han drar med sonen og tenarane. Isak forsterkar spenninga i hendingane ved å spørje etter offerlammet – tydelegvis veit han ikkje at han sjølv er offeret. Faren svarar med å vise til Guds forsyn, og veit tydelegvis ikkje at han dermed har antyda kva som vil bli løysinga på spenninga. På toppen av spenningskurven blir forteljinga meir detaljert og langsamare. Vi kan sjå dei enkelte handlingane for oss: Abraham byggjer alter, legg på ved, bind Isak, og legg han oppå veden. Deretter strekkjer han ut handa og grip kniven, "for å slakte son sin".

På dette punktet grip Guds engel inn og stoppar kniven midt i lufta. Abraham har bestått prøven; han har vist seg gudfryktig ved det han alt har gjort. Det er ikkje nødvendig å ta det siste steget og ofre sonen. Så lyfter Abraham augo, og ser. Og sjå! Ein ver sit fast i buskene og kan ofrast i staden for Isak.

Forteljaren skildrar ingen kjensler direkte, men i det gjentatte "så gjekk dei saman, dei to" ligg emosjon. Kjenslene er også røpa ved presentasjonen av Isak: "son din, den einaste, som du elskar", og ved tiltalane mellom far og son på vegen: "Far min", og "Her er eg, son min". Vi høyrer ingenting om sorg eller fortvilning, ingen kamp med Gud, ingen gledesscener etter at spenninga er utløyst.

Denne karrige stilen skaper likevel ikkje ein likesæl Abraham eller ein naiv Isak, men gir dei få elementa som finst, større vekt. Abraham elskar sonen heile tida, Isak lever i full tillit til faren. Forteljinga gjer eit sterkare inntrykk ved heilt å mangle skildringar, og ved berre å ha eitt adjektiv: "den einaste", som er brukt to gonger. Når forteljinga er så naken, blir ho nær.

Forteljingslina bevegar seg etter skjemaet problem, forsterking

av spenninga, høgdepunkt, utløysing. Problemet blir løyst. Temaet, gudsfrykta, er omtalt i starten og på høgdepunktet, og det får også ei løysing. 1 Mos 22 viser ein profesjonell forteljar i aksjon. Han har noko på hjarta, og framstillinga tener dette føremålet.

Her ligg utfordringa for ein omsetjar. Ein skal skape ei framstilling i målspråket som kommuniserer innhaldet like godt som originalen gjorde i si første tid. Det er ikkje lett. Til dømes er "sjå" eit stikkord i teksten. Abraham skal gå til landet Moria, eit namn som liknar det hebraiske verbet for "å sjå". På den tredje dagen av vandringa lyfte Abraham augo og "såg staden langt bortanfrå". Han seier om Gud at han vil "sjå seg ut eit offerlam". Til sist "ser" han veren som kan bli offerdyr. Og endeleg kallar Abraham staden "Herren ser", for "på dette fjellet lar Herren seg sjå". Ved å spele på to former av same verbet lar forteljaren to sider av Guds vesen kome fram: Han ser menneska, og han openberrar seg sjølv.

Ein hebraiskkyndig person vil leggje merke til at "gudsfrykt" liknar på verbet for "å sjå": "Gud vil sjå seg ut", *'ælohim jir'æh*,³ og Abraham var "gudfryktig", jere' *'ælohim*, liknar kvarandre. Denne lydlikskapen knyter saman to trådar i forteljinga.

Eit anna stikkord i teksten er *hinneh*, "sjå!", "merk!". Det går igjen, og står oftast med suffiks for første person: "sjå meg!", "her er eg". Dette er ein svært vanleg bruk av ordet. Men éin gong er det brukt på ein annan måte, nemleg i vers 13: "Abraham lyfte augo sine, og såg, og sjå! Ein ver hang fast i krattet med horna sine." Her er *hinneh* brukt for å setje oss inn i Abrahams stad, sjå det som han såg, sjå med hans augo.

Denne bruken av *hinneh* med *we*, "og", fører med seg eit skifte av perspektiv, frå å følgje den ytre gangen i forteljinga til "free indirect perception" (Ska), "internal focalization" (Genette), "vision with the characters" (Pouillon), "the character's point of view" (Lubbock and Sternberg).⁴ Fenomenet har fått fleire namn av forskarane, men poenget er det same: Lesaren ser med personen sitt blikk. Eit anna døme på det same er Gen 18,2: "Abraham lyfte augo sine og såg, og sjå:..." Lesaren skal sjå det som hovudpersonen ser, og kanskje vite tankane hans/hennar.

Josva-boka er ei stor forteljing, og her finst dette fenomenet mange gonger. Jos 5,13: "Josva lyfta augo sine og såg, og sjå:..."; Jos 8,20: *wajjir'u webinneh*, er emfatisk: "dei såg: sjå!..."; i

Jos14,10 har vi to gonger uttrykket *we'atta binneb*, som også er emfatisk: "og nå, sjå!"

Ein litt annan bruk av *binneb* kan vi ha i Jos 2,18; 3,11; 8,20; 9,12f; 14,10, der *binneb* er brukt saman med eit subjekt, følgt av eit partisipp. Mi omsetjing ville her vere: "Gitt at..." evt. "der-som...". Denne konstruksjonen får same funksjon som ein vilkårssetning.

I Jos 14,10 dukkar eit anna lite ord opp: *'attab* saman med *we'attab*, "og nå!". Dette ordet markerer ein ny innsats, ein liten start: "og nå!", "obs!". Det kjem ei vending i hendingane: Det føregåande har hendt, og nå skal det (følgjande) skje. Same fenomen har vi i Jos 9,6.11f.23.25; 13,7; 14,10(to gonger).12. På alle desse stadene er det tale om ein ny innsats, ei markering av ei endring, eit verkemiddel som skal skjerpe lesaren til auka merksemd.

Vi har same ordet i 1 Mos 22,12, i engelens ord til Abraham om at prøven er bestått: "Nå (*'attab*) veit eg at du er gudfryktig." Her er ordet ein del av setningen, og viser tilbake til det som har skjedd: Abraham sparde ikkje sin einaste son. Dette er ein vanleg bruk av ordet. Men i tillegg kan det altså stå åleine, og får då funksjonen av eit Obs! Obs! i teksten: Legg spesielt merke til det som nå kjem.

Eit anna lite ord er *'az*, "då". I Josva 10,12 er *'az* brukt saman med imperfectum av verbet, *jiqtol*-forma. Dermed er ikkje verbet, som *venta*, framtid, men lik imperfectum consecutivum, eller *wajjiqtol*, altså fortid. NO har omsett slik: "Den gongen ropa Josva til Herren." På bokmål har ein valt ei litt meir omstendeleg innføring av Josvas bønn: "Det var den gangen Josva ropte til Herren," og ein får slik eit innsnitt i teksten. Det dreier seg om den viktige eingongshendinga då sol og måne stod stille i Gibeon, i Ajjalons dal. Då kan det vere grunn til å markere det ekstra. Eg trur bokmålsomsetjinga yter betre rettferd til det vesle *'az* enn nynorsk-omsetjinga her.

Det hebraiske verbet *wajbi* kjem av *bajab*, "vere", "eksistere". Forma er imperfectum consecutivum: "det skjedde". Det blir ofte brukt åleine som eit uttrykk for at noko skjer eller blir til. Slik er det brukt mange gonger i skapingsteksten i 1 Mos 1. Gud sa: "Det bli til", *jehi*, "og det blei til", *wajbi*. Denne bruken er vanleg i GT, og det er ingenting overraskande ved han.

Men så finst det ein serie tilfelle der *wajbi* blir etterfølgt av eit

nytt imperfectum consecutivum eller av eit perfectum. 1 Mos 22 startar med *wajbi*, og fortset med ein perfectum, *nissab*. Korleis er forholdet mellom desse verba? Skal ein omsetje "det skjedde at Gud freista Abraham", skal ein utelate *wajbi* i omsetjinga, eller skal ein sjå etter ei anna løysing?

Materialet for denne bruken av *wajbi* er omfattande. Eg avgrensar meg i det følgjande til bruken i Josva-boka.

I Jos 1,1; 3,2; 6,15.16; 9,16; 23,1; 24,29 er *wajhi* følgt av ein omtale av tid ("etter at", "ved slutten av", osv.), og deretter eit nytt imperfectum consecutivum. Mi omsetjing på desse stadene ville vere: "Dette hende då Moses, Herrens tenar var død. Herren sa då ...", Jos 1,1, og tilsvarende på dei andre stadene. Også Rut 1,1; Dom 1,1 har liknande opningar.

Ein tilsvarende type tidsledd har vi i Jos 3,14; 4,18; 5,13; 10,11; 15,18. Her er *wajbi* etterfølgt av eit *be* med infinitivus constructus, og deretter kjem eit nytt finit verb i perfectum eller imperfectum consecutivum. Jos 4,18: har perfectum og deretter imperfectum consecutivum; Jos 5,13; 15,18 har imperfectum consecutivum etter *wajbi*; Jos 10,11: har *wajbi* og så *we* med subjektet pluss perfectum. Ei tenkjeleg omsetjing her ville vere: "Dette hende då Josva var i Jeriko: Han lyfte augo sine...", Jos 5,13.

Jos 2,5 har *wajbi* og så subjekt pluss *le* med infinitivus constructus, og deretter *we* med subjekt og verbet i perfectum. Her kunne ein omsetje: "Då byporten skulle stengjast i mørkninga, skjedde det at dei gjekk dei ut att / gjekk dei verkeleg/faktisk [*wajbi*] ut att..."

I Jos 5,1; 6,8.20; 8,14.24; 9,1; 10,1.20.24; 11,1 er *wajbi* brukt med *ke* framfor infinitivus constructus. Dei fleste stadene kjem så eit imperfectum consecutivum; i Jos 6,8 er *wajbi* følgt av *we* med subjektet og eit perfectum. Her uttrykkjer tidsleddet det som er samtidig med handlinga i det andre verbet. Ei omsetjing her kunne vere: "Då alle kongane høyrde..., miste dei faktisk/totalt [*wajbi*] motet...", Jos 5,1, osv.

Det samtidige ligg også i 4,1.11; 5,8, der uttrykket er *wajbi ka'asjær* med perfectum + imperfectum consecutivum. Dette kunne ein omsetje: "Det hende då heile folket hadde fullført overgangen over Jordan, at Herren tala...", 4,1.

Eit anna uttrykk for det samtidige finn vi i Jos 10,27: *wajbi + le* med tidsledd og perfectum. Mi omsetjing her: "Ved solefall hende

det at Josva baud...". Noko liknande er tilfelle i Jos 17,13: *wajbi* + *ki* med perfectum, og deretter imperfectum consecutivum. Ei naturleg omsetjing her ville vere: "Men då israelittane vart sterke, let dei kanaanittane gjere tvangsarbeid."

I alt er det 28 tilfelle i Josva-boka der *wajbi* blir følgd av eit nytt finit verb som uttrykkjer fortid. *Wajbi* står åleine i 34 tilfelle, og der har det ein sjølvstendig funksjon: "det hende", "det skjeddete", "det blei til".

Grammatikarane har lenge vore oppmerksomme på fenomenet *wajbi* saman med eit finit verb i fortid. Haldningane til det har enten vore at det knyter ein tekst saman med det som er fortalt i det føregåande,⁵ eller at *wajbi* er brukt "ueigentleg",⁶ eller at det ikkje har nokon funksjon og ikkje skal omsetjast.⁷

Med den litterære vendinga og interessa for forteljande tekstar har haldninga endra seg. Niccacci kallar *wajbi* for "the supreme 'macro-syntactic sign' of narrative".⁸ Problemet ved denne karakteristikken er at imperfectum consecutivum generelt er eit teikn på forteljande tekstar, og difor simpelthen kan kallast narrativ. Dessutan har denne typen forskning av og til ein kritikk av den eksegetiske metoden litterærkritikk som beror på ei misforståing: Ein meiner at forfattarane ikkje kunne hebraisk. Eit sitat frå Niccacci kan illustrere dette:

As in the Italian edition I have accepted the biblical texts as they are without resorting to literary criticism or taking much notice of scholars who use this method. It is, in any case, a duty to presume that even the various kinds of 'glosses' or inserts also follow the rules of grammar and syntax. I think it injudicious to adopt the principle which unfortunately so many scholars follow that so-called 'difficulties' or 'mistakes' of grammar and syntax are indications of later reworking. In effect this would mean that the writers of such glosses either did not know the language or at the least were inept. I wish to reiterate here a caution against the danger of making syntax as arbitrary as literary criticism. On this topic see the book by Züber (pp. 19ff) [B. Züber, *Das Tempussystem des biblischen Hebräisch*, Berlin and New York 1986] and my review (reference given above) [LA 36 (1986) 397-405]. I prefer to follow this method closely rather than 'correct' the texts using 'rules' even

if difficult cases remain which require further study (see, for example, § 158-ii [weQATAL “expresses a single past action”, Ex 8.11; 9.34; 2 Kings 18.36; Judg 3.23; 1 Sam 17.38; 1 Kings 14.27; 2 Kings 18.4; 1 Kings 6.29-31,32,33ff.]⁹)

Jau, hebraisk kunne dei gammaltestamentlege forteljarane og dei som la inn kommentarar til teksten. Kommentaranane låg opprinneleg i margen eller mellom linjene, slik vi nå kan sjå i manuskriptata frå Qumran. Etterkvart vart dei skrivne inn i teksten av seinare skrivarar, og dermed oppstod ei blanding av grammatisk korrekt tekst, den opphavlege, og kommentarar utan grammatisk samanheng med den opprinnelege teksten. Qumran-tekstane viser korleis dette skjedde, jf. Jos 8,12f.

Forskarar som vil finne at alle konstruksjonar i grunnteksten er grammatisk korrekte, byggjer difor på sand i dette spørsmålet. Ein kan ikkje få alt til å bli standard hebraisk syntaks.¹⁰ Opphavleg forteljing og kommentar hadde sin grammatiske logikk kvar for seg, men til saman blir det ikkje standard syntaks.

Wajbi er ein peikar i teksten, ein markør, noko som vil leie lesaren mot ei handling eller eit subjekt. 'Situasjonen var slik at'. 'Det var nemleg slik at'. Shimon Bar Efrats omsetjing er "And it came to pass".¹¹ *Wajbi* skal rette augo våre mot neste verb eller subjekt. Dermed må det omsetjast på ein måte som framhevar det følgjande subjektet eller verbet. Det skal understrekast at det følgjande hende. Det har funksjon som eit hjelpeverb, på same måten som *wajjosæf*, "han fortsette", saman med eit nytt verb i fortid: 1 Mos 8,10 (perfectum), 1 Mos 25,1 (imperfectum consecutivum).

Wajbi har blitt omsett bokstavleg av den greske Septuaginta: *kai egeneto, egeneto de*, etterfølgt av eit nytt finit verb i fortid. Dette er knapt vanleg gresk språkbruk. Frå Septuaginta har det gått inn i nytestamentleg språkbruk. Det finst spor av det i Mark 1,9; 2,23, og Markus startar mange setningar med *kai*, "og", tydeleg inspirert av imperfectum consecutivum, som starta med *wa*, "og". Men der hebraisken har mist tydinga "og" i imperfectum consecutivum, har gresken omsett og vidareført henne, som om det faktisk tydde "og".

Matteus har tydelegvis lagt seg på ein meir typisk gresk språkbruk. Han startar ofte sentingane med eit partisipp, følgt av eit finit verb.

Den som framfor alle har imitert Septuaginta, er Lukas. Han brukar i særstoffet ofte *egeneto de* eller *kai egeneto* pluss eit nytt finit verb.¹² Dermed vender han seg tydeleg nok til eit publikum som sette Septuaginta høgt, og som ville setje pris på eit nytt verk i same stil. Juleevangeliet startar med *egeneto de*, "og/men det skjedde", og omsetjingane til europeiske språk har overtatt dette uttrykket, og gjort det nesten udøyeleg: "Og det skjedde i dei dagane at..." Det går ei line frå hebraisk forteljstil til denne moderne frasen.

Som ein parallell til fortidsforma *wajbi* brukar hebraisk ei anna form av *bajah* om framtida: *webajah*, "det skal skje". Funksjonen ser ut til å vere den same som for *wajhi*: Det skal gjere oss serleg merksame på eit verb eller eit subjekt, det skal understreke at noko verkeleg vil skje. Brukar vi igjen Josva-boka som døme, finn vi ein serie tilfelle med denne forma.

Det finst med eit tidsledd og ein følgjande perfectum i Jos 2,14: *webajah be* med infinitivus constructus og deretter *we* med perfectum. Mitt forslag til omsetjing her ville vere: "Når Herren gir oss landet, skal vi verkeleg [*webajah*]..."

Omlag same situasjon finn vi i Jos 6,5: *webajah*, deretter *be* med infinitivus constructus og så imperfectum. Her kunne ein omsetje: "Idet hornet lyder..., skal det verte slik at heile folket..."

Jos 3,13; 8,8 har *webajah + ke* med infinitivus constructus, og deretter: 3,13: subjekt med imperfectum; 8,8: imperfectum. Den første staden kunne ein gjengi slik: "Når prestane ... set føtene ned..., skal det verte slik at vatnet i Jordan...", 3,13, og tilsvarende i 8,8.

Ein eigen tidssetning markerer den samtidige hendinga i framtida i Jos 8,5; 22,28: *webajah* og *ki* med imperfectum er følgt av *we* med perfectum: "Når dei kjem ut mot oss..., skal vi gjere slik at vi flyktar for dei", Jos 8,5.

Ein tidsbisetning har vi også i Jos 23,15: der er *webajah* følgt av *ka'asjær* med perfectum, og så kjem eit *ken* med imperfectum. Eg trur ein kunne omsetje dette slik: "Like sikkert som [*webajah*] alle lovnadene som ..., vart oppfylte for dykk, skal Herren la ramme dykk..."

I tillegg til denne bruken av *webajah* saman med eit anna verb i framtid, kan det brukast åleine framfor fleire konstruksjonar:

- I Jos 2,19 er det ein undersetning med imperfectum og nominalsetning: "Og slik skal det vera: Kvar som går ut..."
- Jos 7,14 har eit casus pendens med undersetning med imperfectum og deretter eit nytt imperfectum: "Og slik skal det vere: Den stamma som..."
- Jos 7,15: viser oss eit subjekt med imperfectum: "Slik skal det vere: Den som blir tatt med..."
- I Jos 22,18 står ein hovudsetning med imperfectum og ein ny hovudsetning med imperfectum. Her får wehajah valøren "der-som, så": "Det skal vera slik at dersom de ..., så skal..."

Josva-boka har 11 tilfelle av ein slik hjelpeverbfunksjon for *wehajah*, medan det i 6 tilfelle har ein vanleg verbfunksjon. Eit døme på dette utanom Josva-boka er 5 Mos 12,10f: Etter ein serie perfecta consecutiva kjem *wehajah* åleine framfor *hammaqom*, og deretter ein relativsetning, og så ein full verbalsetning. Her har *wehajah* vanleg tyding: "Når de har kryssa Jordan ..., då skal staden, som Jahve skal velje ut, [vere den staden] der de skal bringe alt det som..."

Forteljande tekstar vil ha forskjellige verkemiddel for å markere nye avsnitt i framstillinga. Det er mange slike verkemiddel av stilistisk og syntaktisk art, men ein treng også eigne ord for å gjere merksam på høgdepunkt og kalle til spesiell merksemd. På norsk har vi slike uttrykk som "då", "nå", "og nå" og andre, og den profesjonelle forteljar kan bruke desse for å strukturere forteljinga og markere innleiing, innsnitt, løysing og avslutning.

Dei forteljande tekstane i Det gamle testamentet brukar også slike verkemiddel. Det dreier seg altså om '*attab*', "nå", '*we'attab*', "og nå", '*binneh*', "sjå", '*webinneh*', "og sjå", '*az*', "då". I tillegg er det to spesielle former av verbet *hajah*, "å vere", "å verte", som er aktuelle. I somme omsetjingar er desse orda gjengitt, men ofte blir dei utelatne. Kanskje reknar omsetjarane dei for unødvendig pynt, eller for særtrekk ved hebraisk som ikkje har nokon funksjon i målspråket, altså idiom som ikkje skal overtakast.

Denne omsetjingsvanen er eit fenomen som gjer at ein må bruke eksisterande omsetjingar med ettertanke når ein skal formidle bibelteksten til nye språk og kulturar. Berre grunnteksten gir det fulle biletet, og berre ei omsetjing frå den er fullgyldig som gjengiving av Bibelen. Baserer ein omsetjinga på eksisterande

omsetjingar, står ein i fare for å føre vidare dei omsetjingsvanane som ligg i dei eksisterande omsetjingane. Desse vil oftast vere gode og gjennomtenkte, men dei kan likevel aldri erstatte originalen. Ingenting kan gi same utbyttet som eit besøk i opphavsteksten.

Det er som med kunnskap om andre land og kulturar. Ein kan få mykje ut av bilete og forteljingar frå andre, men det vil alltid vere ein annans blikk og sinn som silar inntrykka. Berre eit besøk i landet og til folket sjølv vil gi eit inntrykk som ein kan arbeide med og byggje på. Ser ein etter i den hebraiske grunnteksten, er dei aktuelle orda ikkje overflødige eller unødvendige, men dei har viktige funksjonar for å ordne og strukturere forteljingar.

Noter

- ¹ B. H. Clark and M. Lieber, *Great Short Stories of the World*, London 1964.
- ² Jean Louis Ska, S.J., 'Our Fathers have told us': *Introduction to the Analysis of Hebrew Narratives*, Subsidia Biblica 13, Roma 2000, er ei god innføring med litteraturreferansar til bibliografiar o.m. om emnet.
- ³ Her er brukt eit enkelt system for transkripsjon av hebraisk.
- ⁴ Jean Louis Ska, 'Our Fathers have told us', 68 (lit.).75-77.
- ⁵ Gesenius-Kautzsch, *Hebräische Grammatik*, 28. Aufl., Hildesheim / New York 1977, 339 (§ 111 f-h).
- ⁶ Paul Joüon, S. J. & T. Muraoka, *A Grammar of Biblical Hebrew*, Roma 2000, 393f (§ 118 n).
- ⁷ Rudolph Meyer, *Hebräische Grammatik*, Bd. III Satzlehre, Berlin / New York 1972, 45 (§ 100 3 b)).
- ⁸ Alviero Niccacci, *The Syntax of the Verb in Classical Hebrew Prose*, JSOTS 86, SAP: Sheffield 1990, § 28.
- ⁹ Niccacci, op. cit., 13f.
- ¹⁰ Det er som med "Hurra for deg som fyller ditt år, ja deg vil vi gratulere...og si meg så: hva vil du mere! Gratulere(r?)". Siste ordet er eit tillegg, som ikkje kan pressast inn i rimskjema eller grammatikk. Dette er eit trivialeksempel, ja, men tillegg til teksten vart laga, og lagt inn i gammal tid slik som i dag.
- ¹¹ Shimon Bar Efrat, *Narrative Art in the Bible*, Sheffield 1989, 132.
- ¹² Walter Grundmann, *Das Evangelium nach Lukas*, ThHKNT 3, Berlin, u. å, 24f.

Magnar Kartveit, f. 1946, cand.theol. Menighetsfakultet 1972, praktisk-teologisk eksamen same stad 1974. Teol. Dr. ved Uppsala Universitet 1987. Stipendiat ved Misjonsskolen 1975, diverse stillingar ved Misjonshøgskolen, professor 1994.

Markers in narrative texts

The article first summarizes the narrative elements in Gen 22:1-14, then discusses the following markers used in Hebrew narratives of the Old Testament: 'attab, binneh, and 'az. Special attention is devoted to the uses of waybi and webayah in narratives. It is supposed that they have a supportive function in relation to the following finite verbs, directing the attention of the readers to these verbs. They should not be overlooked or omitted in translations, but be given a proper rendering in the target language.